

# Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

NVE  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 Oslo

**Dykkar ref.:**  
NVE 200902639-62 kn/man  
**Arkiv:** 611

**Dykkar dato:**  
21.04.2010

**Vår ref.:**  
14-vj/10

**Vår dato:**  
28.05.2010

## Høyringsuttale ang. melding med forslag til KU-program, Fardalen kraftverk, Årdal

Me takkar for tilsende høyringsdokument angående Fardalne Energi AS sin melding om planar om å byggje Fardalen kraftverk i Årdal kommune.

Det føreligg planar om å byggje eit kraftverk i Fardalen i Årdal kommune. Kraftselskapet Fardalen Kraft AS har send ut ei melding som m.a. inneheld program for konsekvensutgreiing. Fardalen er ein dal som skjer seg inn i villreinområdet, slik at ein vil treffe på villreinområdet rett opp for dei stupbratte dalsidene. Byrjinga av dalen ligg inne i villreinområdet.

Inntaket til kraftverket er planlagt på 460 moh. Avgrensinga av villreinområdet er kartfest til å fylgje 800 m koten i området. Anlegget vil i sin heilskap ligge utanfor villreinområdet med godt monn. Tiltaket er heller ikkje av ein slik art at ein kan forvente generering av ferdslé inn i villreinområdet.

Villreinnemnda kan på bakgrunn av dette ikkje sjå at det planlagde tiltaket kan kome i konflikt med villrein og har difor ingen merknad til planprogrammet.

Med helsing villreinnemnda for Sogn og Fjordane

  
Siri Wølneberg Bøthun  
Sekretær

sign.  
Astrid Lerum  
leiar

### Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernavinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Vest-Jotunheimen villreinutval v/ Vidar Moen, Bringevegen 8, 6885 Årdalstangen  
Fjellopsyn Einar Fortun, Luster kommune, Rådhuset, 6868 Gaupne  
Luster kommune, Rådhuset, 6868 GAUPNE